



SAKSHANDSAMAR  
Sissel Carlstrøm

VÅR REF.  
14/00015-45

ARK. Forvaltningsarkivet  
318.5

DYKKAR REF.  
2014/673-6

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO  
11.02.2014

VÅR DATO  
15.05.2014

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## Styrka kommunal kulturminnekompetanse - tinging av arbeid i Hordaland

Riksantikvaren viser til invitasjon av 18.12.13 til å søke midlar for å styrke kommunane sitt arbeid med kulturminne. Vi viser også til kontakt med Hordaland fylkeskommune om dette. Vi har mottatt søknad datert 11.02.14 frå fylkeskommunen om midlar til kompetansemodell og ni kommunar.

Vi ser med glede at det er stor interesse og vi har mottatt mange søknader frå kommunar og fylkeskommunar. Diverre er budsjettposten i år for liten til å imøtekomme alle. Riksantikvaren har prioritert arbeidet i kommunane og tingar, etter avtale med fylkeskommunen, arbeid i fire kommunar i Hordaland; Kvam, Bømlo, Austevoll og Meland.

Søknaden vert imøtekomen med kr. 400.000.

Det vert stilt følgjande vilkår:

I tingsbrevet til kommunen skal det vere krav om:

- o Plan for gjennomføring av registreringar
- o Politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan
- o Innlegging av verneverdige kulturminne i Askeladden
- o Rapportering til fylkeskommunen

Fylkeskommunen tingar arbeid frå kommunane på inntil kr. 100.000 til registreringar og utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan for kulturminne. I tingsbrevet frå dykk skal det visast til Riksantikvaren sine vegleiarar for registrering av kulturminne og utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan for kulturminne:

[www.riksantikvaren.no/Norsk/Prosjekter/Kulturminne\\_i\\_kommunen](http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Prosjekter/Kulturminne_i_kommunen).

Kommunane si oppgåve er å registrere og lage oversyn over kulturminna og utarbeide kulturminne-/kommunedelplan. Kulturminna som vert vurderte som verneverdige skal deretter innarbeidast i det kommunale plansystemet. Dette er nærmare omtala her

[www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Arealplanlegging](http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Arealplanlegging).

Vi ber også om at dei kulturminna som blir prioritert av kommunane for bevaring, blir registrerte i Askeladden. Det er tilrettelagt for dette i Askeladden via ei brukarrolle for kommunale sakshansamarar. Vi viser til vedlagte rettleiing for kommunebrukarfunksjonen.

Kulturminnesøk er også mogleg å nytte for registrering av kulturminne, som alle kan bruke. Kulturminnesøk har hovudvekt på dokumentasjon og formidling av kulturminne, men har ikkje så god funksjonalitet for forvaltninga.

Riksantikvaren oppmodar fylkeskommunen til å etablere samarbeid med alle kommunane som ønskjer å utarbeide kulturminneplan, slik at kulturminna vert sikra god forvaltning lokalt gjennom registrerings- og planarbeidet. Samarbeidet bør vere langsiktig, og vere mellom fylkeskommunen og kommunane og andre lokale aktørar der opplæring, kurs, nettverksarbeid og ulike typar bistand til kommunane inngår. Kunnskapsoppbygging og kompetanseheving er stikkord for arbeidet.

Fylkeskommunen skal sende korte statusrapportar om framdrift til Riksantikvaren to gonger årleg, første gang 15.9., og dessutan når arbeidet er slutført. Riksantikvaren har utarbeida rapporteringsskjema, som skal nyttast. Rekneskap som viser bruk av midlane skal sendast innan 15.12.14. Rekneskapet skal være underskrive.

### **Avtale**

Vi ser denne tinginga som eit avtaledokument. Ved avvik frå tinginga vil Riksantikvaren kunne gjøre kjøpsrettslege sanksjonar gjeldande. Dersom det oppstår noko som gjer at framdriftsplanen ikkje kan oppfyllest skal Riksantikvaren straks underrettast skriftleg om dette.

Ved publisering, presentasjonar, foredrag og annan offisiell omtale skal det gå fram at prosjektet har fått økonomisk støtte frå Riksantikvaren. Kulturminneforvaltninga har høve til å nytte alt publisert materiale vederlagsfritt ved behov.

Vi ber om rask, underskriven tilbakemelding med aksept på denne tinginga. Pengane blir overført fylkeskommunen når aksept av vilkår og oppmoding om utbetaling ligg føre. Gjer vel og oppgje bankgironummer på kontoen pengane skal overførast til.

Prosjektleiinga pliktar å underrette Riksantikvaren skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Vi tek atterhald om at midlane kan krevjast attende heilt eller delvis dersom prosjektet ikkje blir gjennomført etter vilkåra. I følgje § 17 i Bevilgningsreglementet har Riksantikvaren og Riksrevisjonen anledning til å kontrollere bruken av midlane.

### **Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift**

Beste helsing

Marit Huuse (e.f.)  
Avdelingsdirektør

Ole Christian Tollersrud

Vedlegg:

Kopi til: Austevoll kommune, 5392 Storebø/ Meland kommune, 5918 FREKHAUG/  
Kvam kommune, Rådhuset, 5600 NORHEIMSUND/ Bømlo kommune, Rådhuset, 5430  
BREMNES